

Voss kommune

Plan for idrett og friluftsliv

2014 - 2017



Skisse til utsiktspunkt til Sivlesfossen (3RW- arkitekter)

Vedteken av Voss kommunestyre 10.04.2014

Innhald

1. Innleiing	3
2. Planarbeid	3
3. Definisjonar	4
3.1. Idrett	4
3.2. Friluftsliv	4
3.3. Nærmiljøanlegg	4
3.4. Tilskotsordningar	5
Fylkeskommunale midlar	6
4. Idrett og friluftsliv som helsefremjande og helseførebyggjande tiltak	7
5. Tilrettelegging - også for reiselivet	10
6. Status og evaluering av tidlegare plan	11
6.1. Kommunedelplan for idrett- og friluftsanlegg 2006-2009	11
7. Mål	13
7.1. Nasjonale mål	13
7.2. Regionale mål	14
7.3. Kommunale mål	14
8. Nye tiltak i planperioden	15
8.1. Idrett	15
8.2. Friluftsliv	17
8.3. Nærmiljøanlegg	20
9. Handlingsplan, prioriterte tiltak	22
9.1. Idrett	22
9.2. Friluftsliv	23
10. Økonomiske konsekvensar av tiltaka	25
Vedlegg	26

1. Innleiing

Voss kommunestyre vedtok i juni 1999 "Kommunedelplan for idretts- og friluftsanlegg 1999/2002". Planen prioriterte bygging av ulike typar idrettsanlegg.

"Handlingsplan for friluftsliv i Voss kommune" vart sist vedteken for perioden 2002-2004. Denne planen omhandla det enkle friluftslivet i kommunen og prioriterte kva tiltak kommunen skulle engasjere seg i.

I 2005 gjorde utval for miljø og kultur (MKU) vedtak om at kommunedelplan for idretts- og friluftsanlegg og handlingsplan for friluftsliv skulle samordnast til ein plan; "Kommunedelplan for idrett og friluftsliv". Denne planen vart vedteken av KST i juli 2006 og var gjeldane for perioden 2006-2009. Planen er sidan den gong ikkje rullert, men nye tiltak er årleg innarbeida i planen etter vedtak i MKU.

I kommunen sin planstrategi 2012- 2015 er det vedteke at planen no skal rullerast. Ved denne rulleringa skal folkehelseperspektivet få ein tydlegare plass i planen. Formålet med planen er vidare å sikra at innbyggjarane i kommunen får eit godt tilbod om å kunne utøve friluftsliv og idrett i nærleiken av der dei bur.

2. Planarbeid

I samband med planarbeidet er det nedsett ei referansegruppe med slik samansetning:

- Marit Wæhle - MKU
- Heidi Nedkvitne - Voss Idrottsråd
- Ranveig M. Thorseth - Kommunelege I
- Voss Grunneigarsamskipnad – Lars Even Lemme og Liv Spilde
- Destinasjon Voss – Gry Bystøl
- Voss Utferdslag - Oddvar Drevsjø

Nils Helge F. Kvamme og Gunnar Bergo har koordinert arbeidet og ført planen i pennen.

Referansegruppa har hatt 4 møter.

Planen er utarbeida som ein temaplan. Oppstart av planarbeidet er kunngjort og det er gjennomført høyring. Planen er tidlegare utarbeida som ein kommunedelplan. Dette var tidlegare eit krav for kommunane for å få tilgang til statlege spelemidlar til idrett- og friluftstiltak. Etter avklaring med Fylkeskommune og Departementet vil dei no kunne godta at planen vert utarbeida som ein temaplan.

Det er lagt vekt på å få mest muleg medverknad frå dei ulike interessegruppene i planarbeidet

3. Definisjonar

Overgangen mellom fysisk aktivitet og idrett er flytande.

3.1. Idrett

Idrett er aktivitet i form av konkurranse, eller trening i den organiserte idretten (Kulturdepartementets St.meld. nr. 14,1999-2000, «Idrettslivet i endring»)

Fysisk aktivitet er eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet, herunder friluftsliv og leikprega aktivitetar

Ordinære anlegg er anlegg som framgår av «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett for idrett og fysisk aktivitet». I hovudsak er dei ordinære anlegga stønadsberettiga med inntil 1/3 av godkjent kostnad.

3.2. Friluftsliv

Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving. (Miljøverndepartementets St.meld. nr. 40 1986-87 «Om friluftslivet»).

Nærfriluftsliv er naturopplevelse og fysisk aktivitet nær der folk bur og oppheld seg til dagleg.

Friluftsområde er store, oftast uregulerte, område som i hovudsak er i privat eige, og som vert omfatta av allemannsretten. Det er ikkje krav om parkmessig opparbeiding, kun tilrettelegging for funksjon og bruk. Områda vert brukt til turliv, jakt, fiske, trim og aktiv trening. I kommuneplanen sin arealdel er friluftsområda ofte viste som landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF-område). I reguleringsplan kan friluftsområde avsetjast til spesialområder for friluftsliv (jf. plb § 25, nr.6)

Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta si uhindra rekreasjon og opphald. Områda er vanlegvis erverva, opparbeida og vedlikehalde av kommunen, og kan være parkanlegg, turvegar, badeplassar, leikeplasser, nærmiljøanlegg.

3.3. Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakelig i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde.

Områda skal vera fritt tilgjengelege og berekna på eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for barn og ungdom, men også for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg kan lokaliserast i tilknytning til eit skuleanlegg og/eller idrettsanlegg. Nærmiljøanlegg skal ikkje utformast for å dekkja trongen for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet, eller ordinær konkurranseidrett.

Folkehelse kan definerast som helsetilstanden til befolkninga og korleis helsa fordeler seg i ei befolkning (jf. Folkehelselova).

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja befolkninga si helse gjennom å svekkja faktorar som medfører helserisiko, og samstundes styrkja faktorar som bidreg til betre helse

3.4. Tilskotsordningar

Spelemidler

Ein del av overskotet frå Norsk Tipping AS vert fordelt til idrettsføremål. Det er vedteken ei opptrapping av andelen som skal gå til idretten. Dette skjer gradvis frå 45,5% i 2012, 47,9% i 2013 til 56% i 2014. Dette vil kunna føra til at det årleg vert tildelt 600 millionar ekstra til idrettsføremål på landsbasis. I 2012 var delen av overskotet til tilrettelegging av anlegg for idrett og friluftsliv, kr 740 millionar. Hordaland fylke er tildelt ei ramme for 2013 på kr 73,5 millionar til fordeling på anlegg i kommunane.

Kulturdepartementet overfører kvart år lokale aktivitetsmidlar (LAM) til Norges Idrettsforbund/Olympiske Komité. Dette er midlar som skal gå til idrettslag som har aktivitetar for born (6 – 12 år) og ungdom (13 – 19 år), og som vert formidla gjennom dei kommunale idrettsråda. Voss Idrottsråd har for 2013 motteke omlag kr 468.000 til fordeling mellom idrettslaga i kommunen.

Midlar til friluftsliv

Sikring av viktige nasjonale og regionale areal til friluftsliv er ei offentlig oppgåve, der Miljøverndepartementet, Miljødirektoratet og Fylkeskommunen har ansvar for å halde i hevd den tradisjonsrike ferdselsretten i utmark, og å yte tilskot til oppkjøp og opparbeiding av viktige område for friluftsliv. For meir lokale område må kommunen inngå leigeavtalar om bruk med dei aktuelle grunneigarane.

Landbruksdepartementet har stønadsordning for miljøtiltak i landbruket (SMIL) Kommunen forvaltar denne ordninga og ramma for Hordaland fylke var 6,8 millionar i 2013. Av dette har Voss kommune fått 1,2 millionar i 2013. Det kan søkast om midlar til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt og tilgjenge/opplevingskvalitet - tilrettelegging for allmenn friluftsliv. Midlane skal brukast i jordbruket sitt kulturlandskap.



Friområde ved Kvåle (foto G.Bergo)

Fylkeskommunale midlar

Hordaland fylkeskommune administrerer ulike tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse. Dette er midlar både kommunar og frivillige organisasjonar kan søkja på. Dei fleste tilskota har søknadsfrist tidleg på året, og normalt må ein rekna med 50% eigenfinansiering. For fullstendig og til ei kvar tid oppdatert liste sjå www.hordaland.no/tilskot.

I tillegg har Hordaland fylkeskommune eit investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi. Tilskotet skal medverka til at regionen får store idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangera nasjonale og internasjonale meisterskap. Det er sett av 4 millionar årleg til føremålet. Dei seinare åra har Skjerve skytebane, Myrkdalen freestyleanlegg, Bavallen hoppbakke og Voss ski- og tursenter motteke tilskot frå ordninga.

4. Idrett og friluftsliv som helsefremjande og helseførebyggjande tiltak

Formålet i lov om helsetenesta i kommunane er å «fremme folkehelse og trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og søke å forebygge og behandle sykdom, skade eller lyte».

Fysisk aktivitet har både ein eigenverdi og ein nytteverdi. Eigenverdien av fysisk aktivitet er knytt til glede ved å vera aktiv, at ein opplev mestring og det sosiale fellesskapet ein har i det å utøva aktivitet saman med andre. Nyttet verdien av fysisk aktivitet er knytt til dei helsegevinstane ein oppnår ved det å vera fysisk aktiv.

Fysisk aktivitet er eit anerkjent verkemiddel i helsefremjande og førebyggjande arbeid. Regelmessig fysisk aktivitet fremjar livskvalitet og helse, og gjev dokumentert positiv helseeffekt og redusert risikofaktor for utvikling av hjerte- karsjukdom, høgt blodtrykk, diabetes type 2 og overvekt. Større undersøkingar konkluderer og med at fysisk aktivitet har førebyggjande effekt mot kreft i tjukktarm, og sannsynleg førebyggjande effekt for brystkreft, prostatakreft og kreft i livmora. I tillegg er fysisk aktivitet viktig for muskel-, skjelett- og leddhelse.

Nyare forskning viser at det trengst mindre «dosar» fysisk aktivitet for å oppnå helsegevinstar. Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv handlar difor om å tilretteleggja kvardagsaktivitetar for alle. Kommunane har gjennom si planlegging eit særleg ansvar for å sikre innbyggjarane gode tilhøve for å drive fysisk aktivitet. Gjennom den statlege idrettspolitikken er det lagt vekt på å tilretteleggja slik at kvar enkelt har mogelegheita til å vera fysisk aktiv.

Mange av skogsvegane i kommunen vert nytta som turløyper. Det gjer at fleire kjem seg ut i naturen. I deler av kommunen er det bratt og vanskeleg å kome opp utan ein veg å gå på. Mange av vegane vert og nytta som treningsløyper for hest. Konfliktane er ofte mindre her enn langs meir trafikkerte strekningar.

Gjennom undersøkingane i Norsk Monitor ser ein at andelen inaktive i Norge er sterkt redusert dei siste 15-20 åra. Samstundes har dei som er moderat aktive auka. Dette er ei positiv utvikling, men samstundes er det framleis under 3 av 10 som tilfredsstillar den anbefalte mengda fysisk aktivitet. Den organiserte idretten er ein svært viktig arena for fysisk aktivitet. Norges idrettsforbund har ein hatt ein markant medlemsvekst dei siste åra og hadde nærmare 2,2 millionar medlemmer fordelt på nesten 12.000 idrettslag i 2012 (NIF årsrapport 2012).

Ei undersøking gjort av Norges idrettshøgskole på oppdrag frå Helsedirektoratet viser at 75% av jentene og 91% av gutar på 9 år var fysisk aktive meir enn 60 minuttar per dag. For 15 åringar var talet 50% for jentene og 54% for gutane. I den yngste gruppa såg ein at talet på inaktive var redusert i den yngste gruppa samanlikna med undersøkingar 6 år tidlegare. Undersøkinga viser samstundes ein reduksjonen i fysisk aktivitet i gjennom ungdomsåra. Sjølv om det er ein auke i personar som driv fysisk aktivitet, ser ein at kvardagsaktiviteten vert redusert. Eit eksempel er at 15-årige gutar sit meir enn 70 % av dagen. Samstundes blir fleire transportert med bil/buss til skule, barnehage og fritidsaktiviteter.

Barnehage, skule og skulefritidsordning (SFO) er i dag kanskje den viktigaste arenaen for born sin leik og fysiske aktivitet. Born som er aktive i eit mangfaldig utemiljø tileignar seg teoretisk lærdom lettare, får betre konsentrasjonsevne og betre motorikk enn barn

som oppheld seg i eit sterilt utemiljø. Dette bør medføra at fysisk aktivitet i framtida får ein større plass i både barnehage skule og SFO.

Så seint som for 50 år sidan var fysisk aktivitet ein naturleg del av dei fleste sin kvardag. Mange gjekk eller sykla for å kome til skule, arbeid eller butikk. I dag vert bilen nytta i stadig større utstrekning, også på korte turar. Godt over 60% av reisene opp til 2 km vert gjennomført med bil. Når det gjeld transport til skulen oppgjev 44% av norske born at dei går til skulen (Reisevaneundersøkelsen 2009). Gjennom dei siste 30 åra har det vore ein auke i biltransport til og frå skulen for alle, men auken er mindre for dei litt eldre borna. Kosthaldsundersøkingar med kartlegging av energiinntaket hjå dei vaksne, syner at det har vore forholdsvis stabilt frå midten av 1970 åra. Det at kvardagsaktiviteten er redusert, er truleg årsaka til at gjennomsnittleg kroppsvekt og overvekt har auka dei siste 10-åra.

Frå 1960-åra fram til 1999 auka vekta på 40-årige norske menn med 9,1 kg. Tilsvarende tal for kvinner er 3,7 kg (Statens helseundersøkelser). Dei siste åra har det også tilsvarende vore ei urovekkjande auke i prosentandelen med overvekt og fedme hjå ungdom (Data henta frå Norgeshelsa, Folkehelseinstituttet, 2013).

Oppsummert så viser undersøkingar at helsetilstanden til både unge og eldre har ei negativ utvikling på nokre områder og ei positiv utvikling på andre. Tilrettelegging for idrett og friluftsliv vil vera effektive tiltak for å motverke den negative utviklinga. For å lette moglegheitane for fysisk aktivitet (og redusera bruken av bil), bør ei tilrettelegging for idrett og friluftsliv i stor grad skje i nærmiljøet.

Basert på Folkehelseprofilen for Voss kommune, har Voss få områder som på ei negativ måte avviker frå gjennomsnittet for Hordaland og heile landet. Dette kan tolkast som at Voss har mykje av dei same utfordringane i høve folkehelse som resten av landet. Dermed må ein leggja vekt på befolkningsstrategiar som tek sikte på å nå flest mogleg. Dette er i tråd med «Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse 2014-2025» som er under utarbeiding.

Tabell 1: Oversikt over talet på medlemmar i idrettslag frå 2008-2013 (kjelde: Idrettsregistreringen)

År	Born (0-12 år)	Ungdom (13-19 år)	Vaksne (20 år+)	Totalt
2008	1788	1195	4781	7764
2009	1564	1026	4766	7356
2010	1881	1070	5009	7960
2011	1788	1197	5153	8138
2012	1761	1211	5413	8385
2013	1796	1203	5506	8505

I høve medlemsutviklinga til idrettslaga på Voss, ser ein at ein har hatt ein auke i talet på medlemmar dei seinare åra. Dette er i samsvar med at ein har hatt ein auke i talet på medlemmar i Norges idrettsforbund. Auken har skjedd hovudsakleg gjennom ein auke i talet på vaksne medlemmar. Likevel er det positivt å sjå at ein ikkje har nokon nedgang i talet på medlemmar blant born og unge.

Tabell 2: KOSTRA-tal for Voss kommune, Hordaland fylke og KOSTRA-gruppe 11 i høve idrett.

	Voss 2012	Voss 2011	Hordaland 2012	Hordaland 2011	KG 11 2012	KG 11 2011
Netto driftsutgifter kultursektoren i (% av kommunens totale netto driftsutgifter)	3,6	3,7	3,8	3,8	3,3	3,4
Netto driftsutgifter til idrett (% av kulturbudsjettet)	15,2	15	11,4	11,5	9,9	10,2
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (i %)	5,9	5,3	18,3	20,3	14,2	14,5
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar (i kroner)	289	281	208	201	169	167
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbyggjar (i kroner)	113	100	335	356	242	236
Netto driftsutgifter til idrett og kommunale idrettsbygg per innbyggjar (i kroner)	402	381	543	557	411	403

Når det gjeld kor mykje ein brukar på idrett i Voss kommune ser ein at ein brukar ein relativt stor del av kulturbudsjettet til idrett samanlikna med andre. Samstundes brukar ein mindre enn gjennomsnittet i fylket i høve driftsutgifter per innbyggjar. Dette gjeld spesielt drift av kommunale idrettsbygg. Samanliknar ein seg med kommunar i same KOSTRA-gruppe er ikkje skilnaden så stor.

KOSTRA-statistikken kan vera upåliteleg då det er ulikt korleis kommunen tolkar og rapporterer data. Tala gjev likevel ein peikepin på kommunen sin innsats og bruk av midlar på fastsette områder.

Fakta - Fysisk aktivitet: Oppslutning og utviklingstrekk

- Samanlikna med andre vestlige land er gjennomsnittleg deltaking i fysiske aktivitetar på fritida høg i Noreg.
- Ein av tre i alderen 8-24 år trenar i eit idrettslag. Deltakinga i organisert idrett mellom barn og ungdom har gått opp frå 34 til 38 prosent frå 2004 til 2007. Deltakinga er fallande med aukande alder, og det er særleg jentene som fell frå.
- Den store endringa i trenings- og mosjonsvanar skjer i alderen 15-25 år, og ser deretter ut til å festa seg. Den kritiske fasen er mellom 17 og 20 år.
- Personar med høg utdanning trenar oftare enn personar med låg utdanning, og barn som har foreldre med høg utdanning, trenar oftare enn barn som har foreldre med låg utdanning.
- Det er det enkle, tradisjonelle friluftslivet som har størst oppslutning. 81 prosent av befolkninga går turar i skog og fjell.
- Sjølv om det i dei siste tiåra har vore ei viss dreining mot action- og risikosport prega av fart og teknikk, har mindre enn 1 prosent av befolkninga vore på brettur, brukt seglbrett, rafta eller dykka. 19 av 20 meiner at naturen er ein vesentlig faktor for «det gode liv».
- Det er anslått at om lag 30 % av befolkninga nyttar seg av tilbod på kommersielle treningssenter, og det har vore ein sterk auke både i tal senter og brukarar dei siste 15-20 åra.

5. Tilrettelegging - også for reiselivet

Voss er i ei særstilling ved at det er stor idrettsaktivitet og mange tilskipingar gjennom heile året. Mange av idretts- og friluftsanlegga ligg i kort avstand frå sentrum der ein kan nytta infrastrukturen til overnatting- og forpleiing, og med god tilgang på ulike servicetilbod.

Ulike former for idrett og friluftsliv kan skapa stor aktivitet for nærings- og reiselivet, i form av auka omsetning i varehandel, trong for overnatting og forpleiing, transport og andre servicetilbod. Totalt er dette med på å gje grunnlag for og sikring av arbeidsplassar.

Det er vanskeleg å måle denne omsetninga i kroner og øre, men undersøkingar andre stader tyder på at for kvar krone ein investerer i slik aktivitet får ein det mangedobbelte att i ulike ringverknader. Gjennom dei alt utbygde idretts- og friluftsanlegga i kommunen er det allereie lagt eit grunnlag for å kunne få gode synergieffektar i høve til reiselivsnæringa. I den vidare utbygginga bør ein i endå sterkare grad tilretteleggja for at anlegga også framstår som funksjonelle og interessante for dei tilreisande. Turistane har stort sett dei same ynskje for friluftaktivitetar som dei fastbuande. Undersøkingar viser at dei ynskjer ein stadig meir aktiv ferie, med opplevingstilbod og fysisk aktivitet. Turistane treng imidlertid meir informasjon og tilrettelegging for å kunna nytta tilboda. Her ligg både avgrensinga og moglegheita for å kunne styra turistane.

Konkret informasjon om idretts- og friluftslivstilbod vil derfor vera ei viktig oppgåve i planperioden. Informasjonen til turistane bør samordnast og “ Visit Voss “ bør her ha ei sentral rolle. I tillegg til informasjon via informasjonstavler ol. bør det derfor også formidlast gjennom internett, media, hotell m.m..



Bordalsgjelet vart tilrettelagt som eit friluftsområde av kommunen i 1998, men har og vist seg å vera av stor interesse for reiselivet (foto G.Bergo)

6. Status og evaluering av tidlegare plan

6.1. Kommunedelplan for idrett- og friluftsanlegg 2006-2009

Planen som vart vedteken i 2006 har vore retningsgjevande for prioritering av anlegg og tiltak samtidig som ein dei seinare åra har rullert inn nye tiltak.

Idrett;

Tiltak	Gjennomført			Merknad
	ja	nei	delvis	
Rehabilitering av friidrettsdekke Voss idrotts plass	X			
Langrenn/skiskytingsanlegg m/Turløyper	X			
Rehabilitering sandvolleyballbane	X			
4-setar stolheis i Bavallen	X			
Startbrygger på Robane	X			
Trialbane i Vannjolo		X		Går ut planen
Rehabilitering av tekniske anlegg/SD-anlegg Voss idrettshall	X			
Krøllgrasbane og garderobeanlegg Skulestadmo			X	Krøllgras ferdig, klubbhus med garderobeanlegg står for tur
Div nærmiljøanlegg v/Bjørgum skule	X			
Rehabilitering av Bømoen flyplass	X			
Lys i alpinbakke og multianlegg ski Bavallen	X			
25 m symjeanlegg/Badeland		X		Vidareførast i ny plan

Friluftsliv;

Tiltak	Gjennomført			Merknad
	ja	nei	delvis	
Turstiar, Hanguren	X			Opparbeida gjennom fleire år i samarbeid med Voss Resort
Friområde, Kvåle	X			I samarbeid med Hordaland fylkeskommune
Sykkelveg Vangsv.		X		
Badeplass Skorve		X		
Tursti Kvitanosi	X			Samarbeid Hordaland fylkeskommune
Utsiktptk. Sivlesfossen			X	Utarbeida skisser til utsiktspunkt og forslag til trafikkavvikling. Blir arbeida vidare med.
Fuglehus Lundaro.	X			Samarbeid med Voss Jordbrukskule

Badeplass Evanger	X	Bør skje i samarbeid med vegvesenet
Friområde Bolstad (nord)	X	Gjennomført ei større opprydding av avfall. Bør utarbeidast reg. plan
Friområde Lundarosen	X	Tunnelinnslaget er flytt lengre nord, men fortsatt trong for opparbeiding
Sti /vintertrase Kroka-vatnet	X	Initiativ frå hytteeigarar
Nærmiljø Skular / barnehagar	(x)	Kartlegging og mindre tiltak
Vedlikehald	X	Det blir årleg gjennomført eit vedlikehald av dei fleste av kommunen sine tilrettelagde område.

Av informasjonstiltak har kommunen utarbeida egne "miljøstatus-sider" på internett, der friluftsliv er eit tema. I 2005 laga kommunen vidare eit nytt friluftslivkart og ei ny utgåve av "Naturguiden" som begge vart send gratis til alle husstandane i kommen.

Toppidrett og ekstremспорт

Voss kommune har ei lang historie med idrettsprestasjonar på topp internasjonalt nivå. Gjennom idrettslina på Voss gymnas får elevar lagt til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med idrett. Utdanningsprogrammet for idrettsfag har utvikla seg over tid og har i dag tilbod både innan breidde- og toppidrett. Innan breiddeidrett er det i dag tilbod om fotball, handball, jibbing og snøbrett, medan det innafor toppidrett er tilbod for alpint, freestyle, langrenn og skiskyting.

Dei seinare åra har det vore store både store nasjonale og internasjonale arrangement på Voss som VM og verdscup i freestyle, NM i langrenn, NM i skiskyting og Landsskyttarstemnet. Desse arrangementa bidreg til å visa fram idrettsbygda Voss òg har vore viktige i høve anleggsutbygginga som har vore på Voss dei siste åra. Samstundes har ein årlege arrangement som Ekstremsportveko og Voss Cup som har opparbeida seg ein status over fleire år, og som gjer at mange kjem til bygda vår. Alle desse arrangementa er viktige ettersom dei bidreg til å skapa idrettsglede og ved at dei gjev helsemessig effekt.

I løpet av nokre få år har og Voss utvikla seg til eit nasjonalt og internasjonalt senter for ulike former for ekstremспорт. Denne aktiviteten har naturelementa som "idrettsarena" med minimal tilrettelegging av anlegg. Luftsport er delvis avhengig av fly og helikopter og her er områda ved Bømoen flyplass tilrettelagt med basefunksjonar i form av klubbhus og hangarar. Vedlikehald av flyplassen og aktiviteten må retta seg etter Luftfartsverket sine reglar for sikkerheit, gjeldande støygrenser m.m..

Vassbasert aktivitet på elvar og vatn har vore i sterk utvikling med rafting, elvepadling og kajakk. Deler av denne aktiviteten har vorte næringsgrunnlag for reiselivet i kommunen. Den aukande aktiviteten av ulike ekstremспорт-aktivitetar i utmark har medført enkelte konflikhtar med grunneigarinteressene. Det er derfor viktig å gje god informasjon om kva regalar som gjeld i utmark til dei som nyttar dei ulike tilboda. I vanskelege situasjonar bør kommunen kunne ta på seg ei rolle som "meklar" mellom dei ulike interessene.

7. Mål

7.1. Nasjonale mål

Folkehelse

I folkehelsemeldinga St. meld. 34 (2012-2013) “God helse- felles ansvar” finn ein følgjande mål;

- «Norge skal være blant de tre landene i verden som har høyest levealder»
- «Befolkningen skal oppleve flere leveår med god helse og trivsel og reduserte helseforskjeller»
- «Vi skal skape et samfunn som fremmer helse i hele befolkningen»

Idrett

Staten sin medverknad og støtte til idretten er grunngeven med idretten sin eigen- og nytteverdi. Eigenverdien av idretten er knytt til glede, mestring og det sosiale fellesskapet, medan nytteverdien i hovudsak er knytt til helseperspektivet. Gjennom m.a. stortingsmeldingar, retningslinjer, rundskriv og statlege føresegner om tilskot til anlegg, fastset ein mål og råmer for den nasjonale politikken. Det overordna målet for den norske idrettspolitikken er samanfatta i visjonen «idrett og fysisk aktivitet for alle» (Meld. St. 26, Den norske idrettsmodellen).

Det vil seia at ein skal leggja til rette slik at alle som ynskjer det skal ha moglegeheit til å delta i idrett eller vera fysisk aktiv.

Dette vil ein gjera ved å auka satsinga på anlegg for både idrett og eigenorganisert aktivitet. Sjølv om ein søkjer å leggja til rette for alle grupper i samfunnet er det enkelte målgrupper som det er særskilt viktig å nå. Dette gjeld born og unge, personar med nedsett funksjonsemne og inaktive.

Friluftsliv

Grunngjevinga for å ha ein offentlig friluftslivspolitik er basert på helsepolitiske og miljøpolitiske argument (St. meld. 40 ,1986-87, «Om friluftslivet»). Formålet med Friluftsliva er å verna friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikre ålmenta fri ferdsel og opphald i naturen, slik at ein kan utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennlig fritidsaktivitet. Allemannsretten, retten til fri ferdsel, opphald og aktivitet i utmark, utgjer fundamentet for våre friluftslivstradisjonar. Det miljøvennlige friluftslivet, med lite konflikt i høve til naturgrunnlaget, må først vidare også til dei generasjonar som no i stor grad veks opp i byar og tettstader.

Nasjonale resultatmål:

1. Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av folket.
2. Barn og unge skal kunne utvikle mestring i friluftsliv.
3. Områder av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennlig ferdsel, opphald og hausting vert fremja og naturgrunnlaget vert teke vare på.
4. Ved bustader, skular og barnehager skal det være godt tilrettelagt for trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i en variert og samanhengande grøntstruktur med gode samband til omkringliggjande naturområde.

Transporttrongen skal avgrensast, og det skal leggjast vekt på å få til løysingar som kan gje korte avstandar i høve til daglege gjeremål. Det skal leggjast vekt på at lokalisering av ny utbygging skal sjåast i samanheng med andre senterfunksjonar og at desse skal koordinerast med kollektivtransporttilbodet. Ein bør søkja å samordne naturinngrepa mest mogleg. Utforminga av utbygginga bør bidra til å bevare grøntstruktur, kulturmiljø og friluftsområde generelt.

I nasjonal strategi for friluftslivet (2014-2020) er det eit mål at alle som bur i tettstader el. byar skal ha maks. 500 m til eit samanhengane nettverk av ferdsléarar. Barn, unge og folk med innvandrarbakgrunn og folk med nedsett funksjonsevne skal vera viktige målgrupper i friluftslivarbeidet. Det er vidare eit mål at kommunane i si planlegging skal medverke til å fremja eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande og miljøvenlege nærmiljø.

7.2. Regionale mål

Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012, Aktiv kvar dag, vart vedteken av Fylkestinget 14.10.2008. Planen peikar på at visjonen med arbeidet innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er å skapa ein aktiv kvardag ved å leggja til rette for at alle i Hordaland kan vera meir aktive i kvardagen. Aktiviteten skal kunna vera etter eigne ynskjer og føresetnader på ålment tilgjengelege områder i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

7.3. Kommunale mål

Kommuneplanen for Voss 2011- 2022 har m.a. desse måla ;

- *Sikre innbyggjarane godt helsetilbod med fokus på å styrke førebyggjande arbeid og habilitering/rehabilitering.*
- *Voss skal ha allsidige aktivitetstilbod som kan inkludere alle.*
- *Ved tilrettelegging av friluftsområde skal det takast spesielt omsyn til unge, eldre og funksjonshemma ved universell utforming, der dette er mogeleg.*
- *Legge til rette for allsidige aktivitetar/leik i nærmiljøet (m.a. leikeplassar, uteanlegg ved skular, bakkar, skog, turstiar til grøne lungar)*
- *Voss skal vera leiande i Skandinavia innan natur- og kulturbasert reiseliv.*
- *I planarbeidet for Bømoen skal ein ta omsyn til universell utforming slik at alle grupper kan nytta Bømoen som rekreasjonsområde.*
- *Redusert lokaltrafikk med bil, betra gang- og sykkelvegnett*
- *Sykkelparkering i sentrum.*

8. Nye tiltak i planperioden

8.1. Idrett

Som ein del av planarbeidet er alle idrettslaga i kommunen tilskrivne og oppmoda til å koma med innspel på nye anleggstiltak i komande planperiode.

Grunna mange søknader og prosjekttiltak i Hordaland kan ventetida på å få tildelt spelemidlar reknast til å vere 3-5 år. Alle søkjarar må difor ordne med mellomfinansiering av anleggsutbygginga i påvente av spelemidlar. Gjennom endringa av fordelinga av overskotet til Norsk Tipping AS vil ein større del av overskotet gå til idrettsføremål. Dette vil kunna føra til at etterslepet på tildeling av spelemidlar vil kunna reduserast. Samstundes er det vedteken auka tilskotssatsar for ein del anlegg, slik at noko av dei ekstra midlane vil gå til ekstra tilskot til enkelte anlegg.

Aktuelle tiltak i planperioden ;

Symjeanlegg

Voss IL har lenge peika på behovet for å få på plass eit nytt innandørs symjeanlegg i Voss kommune. Voss idrottsråd har òg uttala at dette er eit viktig tiltak for heile idretten på Voss. Gjennom å få tilslag på ekstraordinære midlar til bygging av kostnadseffektive symjeanlegg er ein no i startgropa for endeleg å få realisert eit nytt symjeanlegg på Voss. Dette vil vera ei stor investering for Voss, og det er viktig å få til eit godt samarbeid for å kunna realisera dette. Symjeanlegget er kostnadsrekna til mellom 73 og 78 millionar kroner. Eit nytt symjeanlegg i Voss kommune vil kunna stå ferdig i løpet av 2016.



Skisse av nytt symjeanlegg (Mossige AS arkitektur)

Bømoen

er eit viktig nærområde for både vinter- og sommaraktivitet. Voss kommune vil i samarbeid med Bømoen AS sikra at Bømoløypa kan brukast vidare i det verdifulle tur- og rekreasjonsområde som Bømoen er. Bømoløypa vert nytta av barnefamiliar, vaksne, eldre og rørslehemma og er med det eit viktig bidrag til folkehelsa. Det ansvaret som eigarlag i Bømoløypa har teke i høve drifta og vedlikehald av løypa, sikrar at Voss har eit verdifullt og lett tilgjengeleg friluftstilbod til sine innbyggjarar. Det tilbodet bør stå ved lag og utviklast vidare til eit nærmiljøanlegg som kan nyttast av alle. Som ein del av utviklinga av Bømoløypa vil Voss kommune sjå på mogelegheitene for å utvikla ein tilrettelagt tursti i juvet frå Bjørke til Selheim.

Vangsvatnet

Det vert viktig å utvikla det nye arealet langs Vangsvatnet som er eit resultat av Strandsoneplanen. Ein vil no få ein gjennomgåande strandpromenade frå Prestegardsmoen til Svartenakken. Deler av dette arealet er mykje nytta av ålmenta i dag. Med opparbeiding av det nye området vil ein ha eit unikt nærmiljøområde som kan nyttast til mange ulike aktivitetar. I vedteken reguleringsplan er det sett av områder til nærmiljøtiltak og til idrettsføremål. Det er viktig at ein i prosessen med å utvikla området legg til rette for aktivitetar som kan nyttast av mange ulike grupper og til ulike årstider. Detaljreguleringsarbeidet er starta opp tidleg i 2014.

Idrettshallar

Gjennom utbygginga av vidaregåande skular på Voss har Hordaland fylkeskommune planlagt å byggja fleire nye idrettshallar på Voss. Dette vil vera eit stort lyft for idretten på Voss ettersom auka hallkapasitet har vore etterspurd gjennom lang tid. Slik planane ligg føre no vil ein få to nye idrettshallar knytt til Voss gymnas. Den eine vil vera ein handballhall på 23 x 44 m, og den andre ein basishall på 23 x 20 m. På Voss jordbruksskule vil ein få ein ny basketballhall på 20 x 32 m. Begge skulane vil i tillegg få styrketreningsrom.

Motorsport

Interessa for motorsport har eksistert i kommunen i mange år men Voss Motorsportklubb har ikkje funne eigna område til å etablere og utvikle anlegg for denne aktiviteten. Kyrkjeteigen, som før var i kommunal eige, er no i forsvaret si varetekt og under regulering av området vart det ikkje funne areal til å halde fram med motorsportaktivitetar her. Området ved motorsenteret i Vannjolo kan utviklast til eit nærmiljøanlegg for trial, men området må i tilfelle regulerast til formålet for å komma i lovlege former. Når det gjeld motorcross, treng klubben hjelp frå kommunen til å finna eigna lokaliseringsstad der dei kan utvikle anlegg både for motorsyssel og bil.

Samarbeidsprosjekt med Voss idrottsråd

Voss kommune og Voss idrottsråd ynskjer å ha fokus på bruk av dopingmidlar innan idrettsmiljøet. Hausten 2013 hadde ein i samband med Voss Up eit foredrag om dei uheldige verknadane av dopingbruk. Bruk av doping er eit samfunnsproblem som ein vil arbeida

aktivtfor å forhindra. Samstundes ynskjer ein å ha fokus på å ha idrettskule for born dei ulike delane av kommunen og integrering av born med nedsett funksjonsemne. Dette må gjerast i samarbeid med idrettslaga.

Vedlikehald

av idrettsanlegg vil vera ei stor utfordring i dei kommande åra.

8.2. Friluftsliv

Prioriterte tiltak i planperioden

(Områda er karakterisert etter DN Handbok 25-2004 " Kartlegging og verdsetting av friluftsområder").

Utsiktspunkt Sivlesfossen

Områdetype (DN 2004) : Særlege kvalitetsområde

Funksjon / Bruksområde : Utsiktspunkt

Planstatus : LNF- område som er verna som landskapsvernområde etter naturmangfaldslova.

Ligg og innanfor verdsarvområde i Nærøyfjorden

Verdi : Internasjonal

Omtale : Tilretteleggja gangveg og eit utsiktspunkt for oppleving av Sivlesfossen

Opparbeiding, informasjonstiltak : Opparbeiding av enkel tilkomstveg (universell utforming) frå Staheimskleiva. Avklara trafikk og parkeringstilhøve i Stalheimskleiva.

Kostnader : ca. kr. 5. 000.000

Finansiering : Nasjonale Turistvegar, Innovasjon Norge, Fylkeskommunen, Voss kommune, Regionalt næringsfond, Statens vegvesen, Stalheim Hotel m.fl.

Turstiar Tvildemoen

Områdetype (DN 2004) : Leike- og rekreasjonsområde

Funksjon / Bruksområde : Turområde

Planstatus : Regulert til friområde

Verdi : lokal

Omtale : Tilretteleggja stiar og utsiktspunkt for oppleving av Raundalselva og Strandaleva

Opparbeiding, informasjonstiltak : Rydding av vegetasjon, opparbeiding av sti, oppsetting av benkar og bord

Kostnader : 100 000

Finansiering : Fylkeskommunen, Voss kommune

Kongevegen Bolstad - Evanger

Områdetype (DN 2004) : Utfartssområde

Funksjon / Bruksområde : Turområde

Planstatus : LNF- område

Verdi : lokal (regional)

Omtale : Tilretteleggja den gamle kongevegen mellom Bjørge og Teigdalen

Opparbeiding, informasjonstiltak : Istandsetting av stien, muring og sikring, kloppelegging over større myrparti.

Kostnader : kr. 100 000

Finansiering : Fylkeskommunen, Voss kommune

Friområde Lundarosen

Områdetype (DN 2004) : Leike- og rekreasjonsområde

Funksjon / Bruksområde : Fiske- og turområde

Planstatus : Reguleringsplan (vegareal)

Verdi : Lokal

Omtale : Området ligg langs E-16 ved utløpet av Lundarosen, i området der tunnelen bak Vangen skal koma ut. Område er i dag er mykje nytta til fiske.

Opparbeiding, informasjonstiltak : Ved ei enkel tilrettelegging kan området gjerast meir attraktivt for ålmenta. Veggen ned til elva (under brua) bør stengjast for bilar og deler av forbygginga mot elva bør utbetrast. Frå kanten av forbygginga kan det lagast ein fiskesti langs elva oppover mot jernbanebrua. Her er det tilrettelagt gangveg under brua - langs elva. Det bør vidare lagast til ein enkel sti opp til fuglehuset i Lundarosen.

Den gamle jernbanebrua over elva er eit sentralt kulturelement i området. Den "nye" brua over E-68 bør ved relativt enkle tiltak få ei betre tilpassing til gamlebrua.

Kostnader : Ikkje nærare vurdert, bør finansierast som ein del av "Tunnel bak Vangen". Og friluftsmidlar

Finansiering : Statens vegvesen, Jernbaneverket, Voss kommune, Fylkeskommunen

Badeplass Evanger

Områdetype (DN 2004) : Leike- og rekreasjonsområde

Funksjon / Bruksområde : Bading

Planstatus: LNF- område

Verdi : Lokal/ regional

Omtale : Statens vegvesen opparbeida i 1991 ein rasteplass i Holemarka ved stamvegen langs Evangervatnet. På rasteplassen er det toalett, parkeringsplass og det er sett ut benkar og bord. Plassen har utsyn til Evangervatnet, men det er ikkje sikra eller opparbeida tilgang til vatnet. Under rasteplassen, i vest, er det ei mindre vik med langgrunt vatn. Denne vil vera godt eigna som eit badeområde / friområde som ei utviding av rasteplassen.

I dag vert rasteplassen i hovudsak nytta av reisande langs stamvegen. Dersom ein utvidar området ned til vatnet og opparbeidar ein badeplass/friområde her, vil området også kunne nyttast av innbyggjarane i Evanger - Bolstadområdet.

Opparbeiding, informasjonstiltak : Det bør opparbeidast ein enkel tilkomstveg (delvis trapper) frå rasteplassen og ned til badeplassen. Det bør tilførast sand/ fin grusmasse for opparbeiding av badestrand. Div. avfall må fjernast frå området og det må ryddast vegetasjon i området. Nokre større stein må fjernast frå badevika. Eit par benker / bord bør setjast opp i området.

Kostnader : ca. kr. 200 000

Finansiering : Voss kommune, Statens vegvesen (Fylkeskommunen)

Friområde Stårvika

Områdetype (DN 2004) : Leike- og rekreasjonsområde

Funksjon / Bruksområde : Fiske- og turområde

Planstatus : Reguleringsplan våtmarksområde , friområde

Verdi : Lokal

Omtale : Området ligg langs E 16 ved Melsvatnet. Området er i hovudsak regulert til våtmarksområdet og er viktig for mellom anna andefugl.

Opparbeiding, informasjonstiltak : Ved ei enkel tilrettelegging kan området gjerast meir attraktivt for ålmenta. Vegen mellom næringsområdet og våtmarksområdet sikrar tilkomst til området. Denne skal opparbeidast som ein del av tilrettelegging av området som næringsareal. Området kan vidare opparbeidast med benkar og bord. Det kan og lagast ein enkel sti ned til Melsvatnet ved elveutløpet inn mot Tide sin eigedom.

Kostnader : kr. 40 000

Finansiering : Voss kommune, Fylkeskommunen

Gangveg Prestegardsmoen - Mylne

Områdetype (DN 2004) : Grøntkorridor

Funksjon / Bruksområde : Fiske- og turområde

Planstatus : Regulert , delvis til friområde

Verdi : lokal

Omtale : Det er tidlegare opparbeida eit kommunalt friområde ved Voss Mylna. Ein ynskjer no å knyta dette området saman med Prestegardsmoen og ev. Tvildemoen (ved ev. hengebru)

Opparbeiding, informasjonstiltak : Opparbeiding av tilkomstveg

Kostnader : kr. ?

Finansiering : Voss kommune, Næringslivet, m.fl.

Sykkelveg Vangsvatnet

Områdetype (DN 2004) : Andre friluftsområde

Funksjon / Bruksområde : Sykling

Planstatus: Kommunal veg

Verdi : Lokal

Omtale : Bilveg med liten trafikk som er eigna for sykkelturar. Rundtur.

Opparbeiding, informasjonstiltak : Skilting og enkel tilrettelegging med utsiktspunkt, benkar, tilgang til Vangsvatnet (bade plassar) og informasjon om spesielle verdiar (eks. Rekve Mylne)

Kostnader : ca. kr. 50 000

Finansiering : Voss kommune, Fylkeskommunen

Friområde Bolstad, nord

Områdetype (DN 2004) : Strandsone

Funksjon / Bruksområde : Fiske, bading og båthavn

Planstatus : Friområde

Verdi : Lokal

Omtale : Det er opparbeida ein fiskeplass for rullestolbrukarar i vestre del av området.

Området aust for bryggja framstår i dag som rotete og lite tiltalande.

Opparbeiding, informasjonstiltak : Det bør utarbeidast ein reguleringsplan for området med tanke på å utvikla dette som eit friområde for fiske, bading og båtplass.

Kostnader : Ikkje vurdert

Finansiering : Voss kommune, Fylkeskommunen

Kongevegen Kolle - Vestbygdi

Områdetype (DN 2004) : Utfartssområde

Funksjon / Bruksområde : Turområde

Planstatus : LNF- område

Verdi : lokal (regional)

Omtale : Tilretteleggja den gamle kongevegen mellom Kolle og Vestbygdi

Opparbeiding, informasjonstiltak : Istandsetting av stien, muring og sikring, kloppelegging over myrparti.

Kostnader : kr. 40 000

Finansiering : Fylkeskommunen, Voss kommune

Vedlikehald/opprusting stiar

Opprusting av eksisterande stiar på Håmyrane og stiar opp til Roset.

Nærmiljø

Nærområda rundt skular og barnehagar er viktige for fysisk aktivitet og utøving av friluftsliv. Eigna område bør derfor kartleggast og sikrast mot nedbygging.

Friluftslivet år (2015)

Miljøverndepartementet har bestemt at 2015 skal vera friluftslivet sitt år. Sist friluftslivet hadde år var i 2005. Kommunen bør vurdere å gjere ein ekstra innsats for friluftslivet dette året – gjerne i samarbeid med regionale / sentrale styresmakter. Utarbeiding av ein ny “naturguide” kan vera eit aktuelt tiltak. Skulane og dei kommunale barnehagane kan arbeide med friluftsliv som tema, m.a. gjennom Grønt Flagg ordninga. I tillegg bør kommunen inngå samarbeid med dei ulike tur- og fotlaga i kommunen om ulike arrangement.

Sti og løypeplan

Kommunen bør vurdere å utarbeida ein sti- og løypeplan for dei områda i kommunen der dette kan vera tenleg. Dette vil i første rekke vera viktig i område som har villreinstammar (Vikafjellet og Nærøyfjorden- Raudafjell) og i område som har trua artar.

Sykkelvegar i sentrumsområdet

Som eit tiltak for å redusere biltrafikken i sentrumsområdet, vil utbygging av gode gang og sykkelvegar frå bustadområda rundt vera eit godt tiltak. Det er igangsett eit “sykkelprosjekt” som skal kartlegge situasjonen og det bør gjennomførast ei kost-/nyttevurdering som grunnlag for kvar ein skal prioritera å tilrettelegga.

8.3. Nærmiljøanlegg

Dette er anlegg som er berekna for uorganisert aktivitet og som ikkje er tilrettelagt for idrettskonkurransar (og som krev kortare avtaletid om areal, min. 20 år).

Kostnadsramma er 600.000.- kr og stønad av spelemidlane er 50 %.

Nærmiljøanlegg er meint å finne sin plass i tilknytning til bustadfelt og skular.

Nokre ball-løkker/ballbingar er alt bygt forutan ein del andre mindre anlegg.

Sandvolleyballbana på Prestegardslandet er eit slikt nærmiljøanlegg som vert mykje nytta til uorganisert aktivitet. Denne typen anlegg er det mindre søknader om, og det vil dermed vera kortare tid frå søknad til utbetaling av midlane.

Etter opninga av tunnelen bak Vangen vil potensialet for uteaktivitetar i sentrumsområdet og strandsona til Vangsvatnet bli vesentleg større. I dette området bør det derfor kunne tilretteleggjast for ulike aktivitetar og nærmiljøanlegg.



Sandvolleyballbanen i Prestegardsmoen (foto G.Bergo)

9. Handlingsplan, prioriterte tiltak

9.1. Idrett

9.1.1 Nærmiljøanlegg

Prioritering	Anlegg	Eigar	Kostnad
1	Herresåsen O-kart	Gular orientering	270000
2	Fleirbruksområde ved Voss kulturhus	Voss kommune	980000
3	Prestegardslandet turveg	Voss kommune	1210580
4	Eideshagen naturklatrejungel og naturhelsestudio	Bulken IL	420000

9.1.2 Ordinære anlegg

Prioritering	Anlegg	Eigar	Kostnad
1	Sanitæranlegg Skjerve	Voss Skyttarlag	2244000
2	Ski-cross Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	6150000
3	100m bane Skjerve	Voss Skyttarlag	2441000
4	Hopp aerial Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	6037500
5	200m bane Skjerve	Voss Skyttarlag	4883000
6	Slopestyle-bakke Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	6056250
7	Voss Ski og tursenter sprintløype	Voss Ski og tursenter AS	2335776
8	Voss ski- og tursenter klubbhus	Voss Ski og tursenter AS	4448752
9	Voss Ski og tursenter garderobe	Voss Ski og tursenter AS	3025151
10	Dommarbygg Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2400000
11	Voss Ski og tursenter lager	Voss Ski og tursenter AS	1426600
12	Hoppbakke k-95 Bavallen	Voss IL	3065000
13	Garasje/lager Prestegardsmoen	Voss Fotball AS	2113000
14	Rennkontor/Varmebeu i Bavallen	Voss IL	623000
15	Stangbane på Skjerve	Voss Skyttarlag	2616000
16	Snøproduksjon kulebakke Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2272500
17	Felthurtigbane Skjerve	Voss Skyttarlag	2616000
18	Snøproduksjon skicross Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2272500
19	Stangbane på Øvre Skjerve	Voss Skyttarlag	2616000
20	Snøproduksjon hopp aerial Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2272500
21	Finfeltbane på Øvre Skjerve	Voss Skyttarlag	2413000
22	Snøproduksjon slopestyle Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2272500
23	Snøproduksjon skitrekktrase Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2272500
24	Snøproduksjon storslalombakke Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2272500
25	Snøproduksjon Voss ski- og tursenter dam og grøfter	Voss Ski og tursenter AS	3166000
26	Snøproduksjon Voss Ski og tursenter utstyr	Voss Ski og tursenter AS	1354000
27	Lys i Kuleøyingsbakke Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2170000
28	Lys i Skicrossbakke Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	2100000
29	Lys i Storslalombakke Myrkdalen	Myrkdalen freestyleanlegg	3530000
30	Klubbhus	IL Ørnar	2454750
31	Garderobeanlegg	IL Ørnar	2548069

32	Lager	IL Ørnar	884356
----	-------	----------	--------

9.2. Friluftsliv

Nr	Tiltak	Område	Kostnad (ca.)	2014	2015	2016	2017
1	Utsiktspkt.	Sivlesfossen	5 mill.		?	?	
2	Tursti	Tvildemoen	100 000	x			
3	Kongeveg	Bolstad -Evanger	50 000	x			
4	Friområde	Lundarosen.	50 000	x			
5	Badeplass	Evanger	200 000		x		
6	Friområde	Stårvika Melsvatnet	40 000			x	
7	Gangveg	Prestegardsmoen - Mylne	?	(x)	x		
8	Sykkelvegar	Sentrumsområdet	?	x	x	x	x
9	Sykkelveg	Vangsv.	50 000				x
10	Friområde	Bolstad nord				x	
11	Kongeveg	Kolle - Vestbygdi	30 000				x
12	Nærmiljø	Skular / barnehagar					
13	Friluftslivets år	Heile kommunen	100 000		x		
14	Ny Naturguide	Heile kommunen			?		
15	Sti – og løypeplan	Vikafjellet , Raudafjell + ??				x	
	Snarvegar	Sentrumsområdet					
	Vedlikehald	Tilrettelagde område+	50 000 (pr. år)	x	x	x	x



Friområde Bolstad-nord

Starta, planlagde og mogelege nærmiljøanlegg (ikkje prioritert for spelemidlar)

Anlegg	Anleggseigar
Styrkestasjonar Bømoløypa	Viljar IL
Palmafossen idrettsplass leikeplass	Viljar IL
Isflate vinterstid	Voss kommune
Turveg/stiar Voss ski- og tursenter	
Orienteringskart Dyrvedalen	Voss IL

Starta, planlagde og mogelege ordinære anlegg (ikkje prioritert for spelemidlar)

Anlegg	Anleggseigar
Kunstgrasbane Prestegardsmoen	Voss kommune
Symjeanlegg Prestegardsmoen	Voss kommune
Fotballhall Prestegardsmoen	FBK Voss
Klubbhus/garderobeanlegg Prestegardsmoen	FBK Voss
Vannhopp Prestegardsmoen	Voss freestyleklubb
Motorcross/trailbane	Voss motorsportklubb/Voss kommune
Snøscooteranlegg	Voss snøscooter og ATV lag
Kunstgrasbane Palmafossen	Viljar IL
Ballbinge Palmafossen	Viljar IL
Kunstgrasbane Eideshagen	Bulken IL
Rehabilitering grusbane Eideshagen	Bulken IL
Rehabilitering Dalane skiløype	Bulken IL
Leirduebane Skjerve	Voss jeger og fiskarlag
Elgbane Skjerve	Voss jeger og fiskarlag
Rehabilitering av golv Voss idrettshall	Voss kommune
Handballhall Voss gymnas	Hordaland fylkeskommune
Basishall Voss Gymnas	Hordaland fylkeskommune
Basketballhall Jordbruksskulen	Hordaland fylkeskommune
Rehabilitering Rosethytta	Voss IL
Rehabilitering Tråstølhytta	Voss IL
Rehabilitering kunstgras Prestegardsmoen	FBK Voss
Skateanlegg	Voss kommune

10. Økonomiske konsekvensar av tiltaka

Friluftsliv; Årlege kommunale utgifter til opparbeiding til friluftsliv ligg i dag på kr. 50.000. Denne summen bør aukast til kr. 100.000 pr. år i planperioden. Det bør vidare som i dag avsetjast kr. 50.000 til årleg vedlikehald.

Idrett; Voss kommune bør primært setja av midlar for å vedlikehalde og ruste opp kommunale idrettsanlegg. I tillegg vil det krevje ein stor innsats for å få realisert eit symjeanlegg på Voss. Eit nytt symjeanlegg vil vera eit stort løft for kommunen, men samstundes vil det krevja ei stor investering for å få dette til. Denne investeringa må ein få inn i økonomiplanen/årsbudsjetta att, og ein må jobba med å finna midlar til eit slik anlegg både innad i kommunen og gjennom samarbeid med private.

Utover dette, bør det vurderast å setje av midlar til utvikling av anlegg som har høg verdi for innbyggjarane i kommunen. Det bør avsetjast årlege midlar i økonomiplanen/årsbudsjetta til slike tiltak. Kommunen bør vidare oppretthalde ordninga med å gje tilskot til lagslivet for å vedlikehalde eksisterande anlegg.



Idrettshallen og fotballbanane i Prestegardsmoen (Foto G.Bergo)

FOLKEHELSEPROFIL 2014

Voss



Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør Lov om folkehelsearbeid.

Statistikken er frå siste tilgjengelege periode per oktober 2013.

Utgitt av
Folkehelseinstituttet
Avdelling for helsestatistikk
Postboks 4404 Nydalen
0403 Oslo
E-post: kommunehelsa@fhi.no

Redaksjon:
Camilla Stoltenberg (ansvarleg redaktør)
Eise-Karin Grøholt (fagredaktør)
I redaksjonen: Fagredaksjon for folkehelseprofilar
Idekjelde: National Health Observatories, Storbritannia
Foto: Colourbox
Nynorsk
Batch 1501141403.1701141359.1501141403.1701141359.17012014
15.20

Elektronisk distribusjon:
www.fhi.no/folkehelseprofilar



Nokre trekk ved folkehelsa i kommunen

Temaområda er valde med tanke på moglegheitene for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Indikatorane tek høgde for alders- og kjønnsammansetnaden i kommunen, men all statistikk må også tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold.

Om befolkninga

- Andelen eldre over 80 år i 2020 er estimert til å vere høgare enn landsnivået.
- Andelen av befolkninga som bur åleine er lågare enn landsnivået.

Levekår

- Andelen av befolkninga som har vidaregåande eller høgare utdanning er høgare enn landsnivået.
- Andelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt er lågare enn landsnivået. Låginntekt er her definert som under 60 % av nasjonal medianinntekt.
- Andelen barn med einsleg forsorgjar er lågare enn landsnivået.

Miljø

- Datagrunnlaget på temaområdet miljø er begrensa. Les meir om miljø og helse på midtsidene.
- Andelen med skader er høgare enn landsnivået, vurdert etter innleggingar på sjukehus.

Skule

- Trivsel blant 10.-klassingar skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, men kommuneverdien kan skjule stor variasjon mellom skular.
- Andelen 5.-klassingar som er på lågaste meistringsnivå i lesing skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.
- Fråfallet i vidaregåande skule er lågare enn landsnivået.

Levevanar

- Det finst lite statistikk på levevanar. Indikatorar på temaområdet helse og sjukdom kan gi informasjon om befolkninga sine levevanar.
- Overvekt skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter andelen menn med KMI > 25 kg/m² på sesjon.

Helse og sjukdom

- Forventa levealder for menn er høgare enn landsnivået.
- Andelen med psykiske symptom og lidingar er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.
- Andelen med hjarte- og karsjukdom, vurdert etter innleggingar på sjukehus, skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.
- Utbreiinga av sjukdom og plager knytte til muskel- og skjelettsystemet skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.
- Tjukk- og endetarmskreft ser ikkje ut til å vere eintydig forskjellig frå landsnivået, vurdert etter talet på nye tilfelle.



Miljøet vi lever i påverkar helsa på godt og vondt

Maten vi et, lufta vi pustar inn, utforminga av bustadområde og andre miljøforhold verkar inn på helse, livskvalitet og trivsel. Gjennom god planlegging og tilrettelegging kan kommunen medverke til å betre folkehelsa.

Dagens folkehelse og sjukdomsstatistikk er på mange måtar eit uttrykk for dei miljøbelastningane som innbyggjarane er og har vore utsette for. På same måte vil framtidig folkehelse bli forma av koreis helsefremjande og -hemmande faktorar påverkar oss i dag.

Eit godt miljø kan fremje helse, for eksempel ved å oppmuntre til fysisk aktivitet og sosial kontakt. Motsett kan omgivnadene våre avgrense kva høve vi har for aktivitet og oppleving, og påføre oss ulike fysiske belastningar.

Sjukdommar som kreft, hjarte- og karsjukdommar, lungesjukdommar og allergiske lidingar kan bli utløyste eller forverra som følgje av uheldig påverknad frå miljøet. Svangerskapet og tidleg barndom er særleg sårbare periodar.

Figur 1. Så langt går ulike aldersgrupper på ti minutt. (Basert på tal frå «Planlegging av grønnstruktur i byer og tettsteder», Direktoratet for naturforvaltning 6-1994).



Kommunen kan leggje til rette for eit helsefremjande miljø, blant anna ved å setje folkehelse på dagsorden i arealplanlegginga. I folkehelselova og plan- og bygningslova blir dette framheva.

Alle sektorar i kommunen har ansvar for befolkninga si helse. Aktivitetar på område som samferdsel, byplanlegging, industri, vassforsyning, avløpsanlegg og landbruk kan påverke livskvalitet, trivsel og helse for innbyggjarane.

Støypager og miljøbelastningar kan medverke til dei sosiale ulikskapane i helse vi ser i dag. På nokre område kan derfor ulike miljøtiltak også vere eit bidrag i arbeidet med å redusere sosial ulikskap i helse.

I det følgjande presenterer vi nokre utvalde miljøfaktorar som kommunen kan påverke.

Grøne område – «firehundremeterskogen»

Å bevare eller skape grønne nærrområde er eit viktig folkehelseiltak. Slike område kan betre folkehelsa ved å:

- medverke til trivsel og livskvalitet
- tilby sosiale møteplassar
- stimulere til fysisk aktivitet
- verke stressreducerande
- dempe negative effektar av luftforureining og trafikkstøy

Gjennom desse mekanismane kan grønne område både fremje helse og førebyggje sjukdom. Ei av dei viktigaste årsakene til at ein oppsøker grønne område, er at det reduserer stress. Naturkontakt gir kvile og mental restitusjon, spesielt i eit elles urbant eller tettbygd miljø.

Bruken av grønne område går raskt ned med avstanden frå heimen, og eit tilgjengeleg grøntområde bør ligge i maksimum 10 minuttars gangavstand frå bustaden, sjå figur 1. For at det ikkje skal vere for langt å gå for barn og eldre, betyr det at befolkninga bør ha grønne område innafør 400 meters avstand frå bustaden.

Gjennom å gjere grønne område attraktive og tilgjengelege kan kommunen oppmuntre til at områda ofte blir brukte.

Sosiale møteplassar

Fleire undersøkingar finn mindre psykiske og fysiske helseproblem i samfunn som er prega av gjensidig tillit, sosial støtte og samhald. Støtte frå familie, naboar, venner og kjente i lokalsamfunnet er positivt i seg sjølv, og vil i tillegg verke som ein buffer ved negative hendingar i livet.

Sosiale møteplassar kan oppmuntre til at folk treffer kvarandre og knytter kontakt. Dersom kommunen legg til rette for slike møteplassar, kan ein styrkje sosiale nettverk og dermed fremje helse og førebyggje sjukdom.

Trygge uteområde og uformelle møteplassar som freistar til opphald og sosial kontakt, kan auke kjensla av å høyre til i nærmiljøet. Døme på møteplassar er aktivitetssenter for unge og eldre, kultur- og samfunnshus, parkar, turstiar og leikeplassar.

Kor tilgjengelege slike stader er, er avgjerande for at møteplassane skal bli nytta. For eksempel kan bustadområde og møteplassar knytast saman med gang- og sykkelveggar. I tillegg kan kommunale, publikumsretta tilbod og møteplassar plasserast i nærleiken av kvarandre.

Å regulere trafikken kan vere eit viktig tiltak for å gje trivelegare byrom. Mindre trafikk kan auke tryggleikskjensla og samstundes redusere støy og luftforureining.

Les meir om miljø og helse:

- Miljø og helse - en forskningsbasert kunnskapsbase, sjå www.fhl.no.
- FHI-rapport 2011:1: Bedre føre vår – psykisk helse: Helsefremmende og forebyggende tiltak og anbefalinger
- www.fhl.no/taktaark
- www.fhl.no/folkehelseprofiler

Vegtrafikk er den viktigaste støykjelda

Om lag 1,5 millionar nordmenn er utsette for støy over 55 desibel utanfor bustaden. Støy på dette nivået er høgaste anbefalte grense for å unngå alvorleg støyplage. Andelen utsette aukar. Dei viktigaste støykjeldene er transport og industri. Vegtrafikken står for over 80 prosent av støyplagene i Noreg. Figur 2 viser andelen av befolkninga som er utsette for transportstøy. Statistikken viser både fylket og landet i 2011 og er henta frå Statistisk sentralbyrå sine berekningar i nasjonal støymodell.

Støy kan forstyrre samtalar, kvile og søvn. Utilstrekkeleg søvn påverkar både psykisk og fysisk helse. Blant anna er det funne samanhengar mellom for lite søvn og angst, depresjon, fedme og hjarte- og karsjukdom.

Kommunen kan i arealplanlegginga førebyggje støyplager blant anna gjennom trafikkregulering, plassering av bustad- og næringsområde og tiltak for støyskjerming. Særleg er det viktig å skjeme bustadområde mot nattestøy. Å ha det stille rundt seg har stor verdi for befolkninga, og det å bevare stille område er i seg sjølv eit folkehelseiltak.

Radon medverkar til lungekreft

Radongass blir danna frå uran i jordgrunnen og siv inn i hus. Når gassen blir trekt ned i lungene, blir lungevevet bestrålt av dei radioaktive partiklane. Radon i innemiljøet fører til auka risiko for lungekreft. Årleg førekjem det om lag 300 tilfelle av lungekreft som skuldast radoneksponering. Risikoen aukar betydeleg med røyking. Figur 3 viser risikoen for å døyr av lungekreft før 75 års alder for daglegrøykjarar og ikkje-røykjarar ved eksponering for ulike radonkonsentrasjon (Bq/m³) (Darby et al., Scand J Work Environ Health. 2006;32 Suppl 1:1-83).

Kor mykje stråling vi mottar er avhengig av geologiske forhold, korleis huset er bygd, ventilasjon, og kva for tiltak som er gjennomførte for at mindre radongass skal strøyme inn.

Det er fastsett nye og lågare tiltaksgrenser for bustader, bamehagar, skular og arbeidslokale. Grensa er 100 Bq/m³ og gjeld frå 1. januar 2014. Nesten 30 prosent av befolkninga bur i hus med nivå som er høgare enn 100 Bq/m³. Bette ventilasjon slik at radongassen forsvinn ut i friluft, er ofte det viktigaste tiltaket for å redusere radon. Kommunen kan gjennomføre måleprogram og gi råd til innbyggjarane. Det er tilrådd å måle i kvar enkelt bustad, fordi det kan vere store variasjonar mellom nabohus.


Inneklima er viktig for helse og velvære

Godt inneklima fremjar helse og velvære. Motsett kan dårleg inneklima føre til ubehag som kjensle av tørr luft, imiterte slimhinner, hovudverk og trøytteleik. Astma og luftvegsallergi kan bli forverra. Figur 4 viser dei viktigaste faktorane som påverkar inneklima.


Barn og unge er særleg sårbare for forureina inneluft. Kommunen bør derfor medverke til godt inneklima i skular og bamehagar.

Forskrift om miljøretta helsevern i bamehagar og skular skal sikre det fysiske og psykososiale «arbeidsmiljøet» til barna. Ifølgje forskrifta skal skular og bamehagar godkjennast av kommunen med tanke på miljøretta helsevern. For å få status som godkjent, blir det stilt krav til ei rekkje forhold, blant anna inneklimaet. I tillegg blir det stilt krav til psykososiale forhold, sikkerheit, reingjering og vedlikehald, smittevern og lyd- og lysforhold med vidare. Kommunen har sjølv kjennskap til om bamehagar og skular i kommunen er godkjende etter gjeldande forskrift.


Figur 2. Andel som er utsett for støy over 55 dB ved bustaden.



Figur 3. Risiko for død av lungekreft blant røykjarar og ikkje-røykjarar før 75 års alder ved eksponering for ulike radonkonsentrasjon.



Figur 4. Faktorar som påverkar inneklimaet.




Folkehelsebarometer for din kommune

I oversikta nedanfor blir nokre nøkketal i kommunen og fylket samanlikna med landstatal. I figuren og i talkolonane blir det teke omsyn til at kommunar og fylke kan ha ulik alders- og kjønnsamansetnad samanlikna med landet. Statistikk utan alders- og kjønnsstandardisering finst i Kommuneheisa statistikkbank, khs.fhi.no. Forskjellen mellom kommunen og landsnivået er testa for statistisk signifikans, sjå www.fhi.no/fokeheiseprofiler.

- Grøn verdi betyr at vi svært sikkert kan seie at kommunen ligg betre enn landsnivået
- Raud verdi betyr at vi svært sikkert kan seie at kommunen ligg dårlegare enn landsnivået
- Gul verdi fortel at vi ikkje sikkert kan seie om kommunen ligg dårlegare eller betre enn landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ◆ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket

Halvsirklar: Kommuneverdiar som er meir enn dobbelt så høge som landsverdien eller mindre enn halvparten av landsverdien, blir vist som halvsirklar i ytterkant av figuren.

Ein "grøn" verdi betyr at kommunen ligg betre enn landsnivået, likevel kan det innebere ei viktig helseutfordring for kommunen då landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå. For å få ei meir helsekleg oversikt over utviklinga i kommunen kan du lage diagram i Kommuneheisa statistikkbank. Les meir på www.fhi.no/fokeheiseprofiler og sjå Kommuneheisa statistikkbank, khs.fhi.no.



Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

1. 2012, 2. 2013, 3. 2020, berekning basert på middels vekst i fruktbarheit, levealdar og nettoinnflytting, 4. 2013, av befolkninga, 5. 2013, 6. 2012, høgaste fullfarte utdanning (av alle med oppjevve utdanning), 7. 2011, personar som bur i hushald med inntekt lågare enn 50 % av nasjonal median, 8. 2011, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen, 9. 2012, av befolkninga, 10. 2010-2012, 11. 2010-2012, 0-17 år, av alle bom det vert betalt barnetrygd for, 12. 2010-2012, 13. Data under vurdering, Kommunen har kjønnskap til om barnehagar og skular i kommunen er godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, 14/15. Skuleåret 2007/08-2011/12, 16. Skuleåret 2011/12-2012/13, 17. 2010-2012, 18. 2003-2012, utanom åra 2006-2007 pga. teknisk feil ved rapportering, Fodande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar (ny definisjon), 19. 2003-2009, KMI over 25 kg/m², av menn på sesjon, 20/21. 1998-2012, berekning basert på aldersspesifikk dødelegheit, 15 års gjennomsnitt, 22. 2010-2012, 0-74 år, brukarar av fastlege og legevakt, 23. 2010-2012, 0-74 år, legemiddel mot psykiske lidingar, inkl. sovemiddel, 24. 2010-2012, 0-74 år, sjukdomar knytt til hjerte- og karsystemet, brukarar av fastlege og legevakt, 25. 2010-2012, 0-74 år, 26. 2010-2012, 30-74 år, brukarar av blodglukosesenkande middel, utanom insulin, 28. 2002-2011, 29. 2002-2011, 30. 2010-2012, 45-74 år, 31. 2003-2012, 0-74 år, 32. 2010-2012, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader), brukarar av fastlege og legevakt, 33. 2010-2012, 34. 2008-2012, vaksine mot meslingar, kusma og raudte hundar, Manglande tal skildast som regel omsyn til personvern, og vert som oftast utelyst av kombinasjonen liten kommune og høg vaksinasjonsdeknjing, Datakelder: Statistisk sentralbyrå, Dødsårsaksregisteret, NAV, Utdanningsdirektoratet, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister, Primærhelsetesta fastlege og legevakt (KUHR-databasen som Helseidrektoratet eig), Kreftregisteret, Nasjonalt vaksinasjonsregister (BYSVAK), Forsvarets helseregister og Receptregisteret. For meir informasjon, sjå khs.fhi.no.